



# POLITIET

## Vedlegg til søknad om politiattest:

### Stadfesting av føremål med søknad om politiattest

Skjema fyllast ut av arbeids-/oppdragsgivar og leverast til søker for vidare søknadsprosess. [Alle felt skal fyllast ut.](#)

#### Informasjon om søker av politiattest:

<sup>1)</sup> Namn på søker av politiattest:	<sup>2)</sup> Fødselsnummer:
<sup>3)</sup> Søkar har fått tilbod om eller er innstilt til følgjande stilling, oppdrag eller verv:	
<sup>4)</sup> Beskriving av oppgåvene eller oppdraget som søker skal gjere:	
<sup>5)</sup> Dato for tiltreding:	<sup>6)</sup> Varighet: <input type="checkbox"/> Fast stilling/oppdrag/verv. <input type="checkbox"/> Mellombels stilling/oppdrag/verv som blir avslutta: _____
<sup>7)</sup> Lovheimel for krav om politiattest:	
<sup>8)</sup> I søknad om politiattest skal søker velje følgjande "Kategori" og "Føremål" frå <a href="#">Politiets formålsliste</a> :	

#### Informasjon om mottakar av politiattest:

<sup>9)</sup> Namn på arbeids-/oppdragsgjevar:	<sup>10)</sup> Organisasjonsnummer:
<sup>11)</sup> Kontaktperson hos arbeids-/oppdragsgjevar (namn, stilling, telefonnummer og e-post):	
<sup>12)</sup> Stad og dato:	

## Rettleiar for utfylling av stadfestingsskjema

Vi påpekar at det er arbeids-/oppdragsgjevar som skal fylle ut alle felt i skjemaet og overlevere det til søkar for vidare prosess. Søknad om politiattest må settast fram av den som politiattesten gjeld. Arbeids-/oppdragsgjevar eller andre kan ikkje sende inn søknaden på vegne av søkaren.

### Informasjon om søkar av politiattest:

#### Punkt 1: Namn på søkar av politiattest og fødselsnummer

Her fyller du inn namnet og fødselsnummeret (fødselsdato og personnummer) til den som skal søke om politiattest.

#### Punkt 3: Søkar har fått tilbod om eller er innstilt til fylgjande stilling, oppdrag eller verv

Her fyller du inn kva stilling, oppdrag eller verv søkar har fått tilbod om eller er innstilt til hos arbeids-/oppdragsgjevar som nemnt i punkt 9.

#### Punkt 4: Beskriving av oppgåvene eller oppdraget som søkar skal utføre

Her skal du beskrive kva oppgåver/oppdrag søkar skal gjere. Dette er viktig informasjon for oss viss heimelen for politiattest berre gjeld enkelte typar stillingar, verv eller oppgåver.

#### Punkt 5 og 6: Dato for tiltreding og varigheit på stilling, oppdrag eller verv

Her fyller du inn kva dato det er avtalt at søkar skal tiltre og kryssar av for kva varigheit stillinga, oppdraget eller vervet skal ha. Om stillinga, oppdraget eller vervet er mellombels, skal du skrive avtalt dato for opphøyr av stillinga, oppdraget eller vervet.

#### Punkt 7: Lovheimel for krav om politiattest

Her fyller du inn kva føresegn i lov eller forskrift som gjer deg heimel til å krevje at søkar skal vise fram politiattest. Politiattest kan berre skrivast ut for de føremål som fylgjer av lov eller forskrift gjeve i medhald av lov. Ei liste over alle gjeldande lovheimlar med krav om politiattest finner du i [Politiets formålsliste](#).

#### Punkt 8: Val av "kategori" og "føremål" frå politiets formålsliste

Her fyller du inn kva kategori og føremål for politiattest søkar skal søke på. Informasjon om dette finner du i [Politiets formålsliste](#) for søknader om politiattest. Eksempel: Kategorien "Barnehage og skole" og føremål "Offentleg skole".

### Informasjon om mottakar av politiattest:

#### Punkt 9: Namn på arbeids-/oppdragsgjevar

Her fyller du inn kven politiattesten skal leggst fram for. Mottakar av politiattesten skal vere den som har heimel i lov eller forskrift til å krevje politiattesten lagt fram. Informasjon om kven som kan stadfeste dei ulike føremåla politiattest finner du i [Politiets formålsliste](#).

#### Punkt 10: Organisasjonsnummer

Her fyller du inn organisasjonsnummeret til arbeids-/oppdragsgjevar som nemnt i punkt 9.

#### Punkt 11: Kontaktperson hos arbeids-/oppdragsgjevar

Her fyller du inn namn, stilling, telefonnummer, e-post og eventuelt andre relevante opplysningar om kontaktperson hos arbeids-/oppdragsgjevar som nemnt i punkt 9. Vi vil kunne kontakte denne personen dersom vi har spørsmål om stadfestinga.

#### Punkt 12: Sted og dato

Stadfestingsskjema må daterast. Det er ikkje krav om signatur eller stempel på stadfestingsskjemaet.

---

#### Finnmark politidistrikt

#### Politiets enhet for vandelskontroll og politiattester

Post: Postboks 113, 9951 Vardø

E-post: [politiattest@politiet.no](mailto:politiattest@politiet.no)

Tlf: (+47) 40 40 15 50

[www.politiet.no](http://www.politiet.no)